

**VEDEKTER
FOR
FJORD1 AS**

Org.nr. 983 472 583

Oppdatert per 17.april 2024

§ 1 Selskapet sitt namn

Selskapet sitt namn er Fjord1 AS.

§ 2 Selskapet si verksemd

Selskapet sitt føremål er sjølv, eller gjennom heilt eller delvis eigarskap i andre verksemd, å drive transport-, kommunikasjon- og reiselivsverksemd. Selskapet kan også engasjere seg i andre forretningsområde når dette er interessant med tanke på fortjeneste og er eigna til å styrke hovudføremålet, eller det leier til ei meir rasjonell utnytting av selskapet sine ressursar.

§ 3 Forretningskontor

Selskapet sitt forretningskontor skal være i Kinn kommune. Generalforsamlinga kan også haldast utanfor Kinn kommune.

§ 4 Selskapet sin aksjekapital

Selskapet sin aksjekapital er NOK 250 000 000 fordelt på 100 000 000 aksjar, kvar pålydande NOK 2,50.

§ 5 Overdragelse av aksjar

Selskapet sine aksjar er fritt omsettelege og er ikkje gjenstand for aksjonæra sine forkjøpsrett. Erverv av aksjar krever ikkje samtykke frå styret i selskapet.

§ 6 Selskapet si leiing

Styret i selskapet skal bestå av fem til ni medlemmer, inkludert eventuelle representantar for dei tilsette.

Selskapet sitt firma skal teiknast av to styremedlemmer i fellesskap, eller av dagleg leder aleine. Styret kan meddele prokura.

§ 7 Generalforsamling

Den ordinære generalforsamlinga skal handsame og avgjere følgande:

1. Godkjenning av årsrekneskap og årsberetning.
2. Anvendning av overskot eller dekning av underskot i samsvar med denfastsette balanse, samt utdeling av utbytte.
3. Val av styre.
4. Andre saker som med heimel i lov høyrer under generalforsamlinga.

For øvrig henvisast til den til einkvar tid gjeldande aksjelovgivninga.